Virksomheter som holder til utenfor Europa må også følge forordningen, dersom de tilbyr varer eller tjenester til borgere i et EU- eller EØS-land. Dette gjelder også om de ikke direkte tilbyr tjenester, men kartlegger adferden til europeiske borgere på nett. De som er etablert i flere land i Europa, skal bare trenge å snakke med personvernmyndighetene i det landet der de har sitt europeiske hovedkvarter.

7

Alle databehandlere får nye plikter
Databehandlere er virksomheter som behandler personopplysninger på oppdrag fra den ansvarlige virksomheten. Ofte er det snakk om leverandører av IT-tjenester. De nye reglene pålegger databehandlere å ha rutiner for innsamling og bruk av personopplysninger. Databehandlere skal også si ifra til oppdragsgiveren sin hvis de får instrukser som er i strid med loven. Oppdragsgiver skal også godkjenne databehandlerens underleverandører. Databehandlere kan også bli holdt økonomisk ansvarlig sammen med oppdragsgiver.

8

Alle bør samarbeide i egne nettverk og følge bransjenormer
De nye reglene oppmuntrer til sektorvis utforming av retningslinjer og bransjenormer. Om dere følger bransjenormer, vil dere ha de viktigste rutinene på plass. Datatilsynet skal godkjenne bransjenormene.

9

Alle får nye krav til avvikshåndtering
Reglene for håndtering av sikkerhetsbrudd blir strengere. Forordningen stiller krav til når det skal varsles, hva varselet skal inneholde og hvem som skal varsles. Kort sagt skal man si fra raskere og oftere enn man gjør i dag.

10

Alle må kunne oppfylle borgernes nye rettigheter
Den enkeltes rett til å kreve at hans eller hennes personopplysninger slettes blir styrket. Dette kalles «retten til å bli glemt». Norske og europeiske borgere vil blant annet kunne kreve å ta med seg personopplysningene sine fra en leverandør til en annen i et vanlig brukt filformat. Dette kalles «dataportabilitet». De kan også motsette seg profilering. Alle henvendelser fra borgere skal besvares innen en måned.

Hva bør dere gjøre nå?

1

Ha oversikt over hvilke personopplysninger dere behandler
Alle virksomheter som samler inn eller bruker personopplysninger skal ha oversikt over hvilke personopplysninger det er snakk om, hvor de kommer fra og hva som er det rettslige grunnlaget for behandlingen. Sørg for å ha en slik oversikt. Det er et krav som gjelder også etter dagens lov.

2

Sørg for å oppfylle dagens lovkrav
Overgangen til de nye reglene blir lettere om dere etterlever kravene i personopplysningsloven, som gjelder i Norge i dag. Har dere gode rutiner for internkontroll som fungerer etter hensikten og er kjent i organisasjonen, er det lettere å få oversikt over hva dere må endre.

3

Sett dere inn i det nye regelverket
Dere finner forordningsteksten på Datatilsynets nettsider. Der fyller vi også på med artikler om de nye reglene etter hvert som vi utarbeider dem.

4

Lag rutiner for å følge de nye reglene
Gå gjennom rutinene dere har for behandling av personopplysninger. Oppdater dem etter nytt regelverk der det trengs. Dokumenter de nye rutinene, og legg en plan for nødvendige endringer. Er systemene deres laget for å ivareta kravet til innebygd personvern, dataportabilitet og personvern som standardinnstilling? Klarer dere å fange opp og besvare henvendelser fra borgerne innen én måned? Endringer i systemer og rutiner tar tid. Begynn allerede nå!

datatilsynet.no/forordning

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/14323-37
Sakshandsamar Line Bosnes Hegna

Saksgang
Bø kontrollutval

Møtedato
26.02.2019

Status - arbeidet etter selskapskontrollen av IRMAT AS

Forslag frå sekretariatet:
Sake vert teken til orientering.

Saksopplysningar:
Utvalet ønskjer ei orientering om status i oppfølginga etter selskapskontrollen av IRMAT.

Kommunestyret i Bø har i tillegg bestilt ein tilleggskontroll/gransking av særskilte tilhøve i IRMAT-saka. Dokumenta er ikkje heilt ferdigstilte, men vil bli ettersendt til møtet.

Forvaltningsrevisor Kirsti Torbjørnson kjem i møte for å orientere om kommunerevisjonens arbeid vidare i saka.

I tillegg er det kome inn ein henvendelse/innkomen post som gjelder spørsmål rundt IRMAT. Det ligg vedlagt, så kan utvalet ta stilling til dette i møte.

Vurdering frå sekretariatet:
Saka er ikkje ferdigstilt per no, og dokumenter vil bli ettersendt. Formålet med denne posten på sakslista er å få informasjon om status i arbeidet og tidsplanen framover, og kontrollutvalet si rolle vidare.

Vedlegg:
- Innkommen post

Fra: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Sendt: 14. oktober 2018 18:57
Til: Bø kommune
Emne: Årsregnskap 2017 - IRMAT

Hei,
Fint om dere sender over komplett årsregnskap, med nota, samt med innstilling og vedtak som ble behandlet i GF før sommeren. Jeg finner den ikke i portalen til Bø Kommune.

Best regards

Hans Olav Bakås
Mobil: +47 90892853

Fra: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Sendt: 16. oktober 2018 15:04
Til: Mari.Molstre@bo.kommune.no
Emne: VS: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT
Vedlegg: Årsregnskap 2017 - IRMAT(1).pdf; Signert protokoll fra generalforsamlingen i IRMAT AS 2018.pdf; Årsberetning, årsregnskap med noter og kontantstrømoppstilling, revisors beretning..pdf

Hei,
Takk. Jeg prøver å se i årsoppgjøret etter fordeling mellom næring og selvkost, men finner ikke noe her?
Har dere andre dokumenter som viser fordelingen på næring og selvkost når årsregnskapet ble behandlet?
Mvh
Hans Olav Bakås

Fra: Mari Mølstre <Mari.Molstre@bo.kommune.no>
Sendt: tirsdag 16. oktober 2018 14.17
Til: 'hans.olav.bakas@bakas.no' <hans.olav.bakas@bakas.no>
Emne: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Vedlagt fylgjer dokument frå Bø kommune. Sjå vedlegg for innhaldet i utsendinga.
Eventuelle førespurnader kan rettast til postmottak@bo.kommune.no.

Venleg helsing
Bø kommune
35059000/ postmottak@bo.kommune.no

Fra: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Sendt: 24. oktober 2018 14:58
Til: 'Mari Mølstre'
Emne: SV: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Kjemfint, takk!
Mvh
Hans Olav Bakås

Fra: Mari Mølstre <Mari.Molstre@bo.kommune.no>
Sendt: onsdag 24. oktober 2018 14.52
Til: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Emne: SV: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Hei,

Foreløpig har eg ikkje finne eit dokument som viser denne fordelinga, men eg sjekkar litt vidare, og så høyrer du frå meg når eg veit sikkert.

Med helsing

Mari Mølstre
Konsulent - service og støtte

Bø kommune
Telefon: 35 05 90 06 / 91 80 05 94
E-post: mari.molstre@bo.kommune.no

Fra: Hans Olav Bakås [mailto:hans.olav.bakas@bakas.no]
Sendt: tirsdag 16. oktober 2018 15.04
Til: Mari Mølstre <Mari.Molstre@bo.kommune.no>
Emne: VS: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Hei,
Takk. Jeg prøver å se i årsoppgjøret etter fordeling mellom næring og selvkost, men finner ikke noe her?
Har dere andre dokumenter som viser fordelingen på næring og selvkost når årsregnskapet ble behandlet?
Mvh
Hans Olav Bakås

Fra: Mari Mølstre <Mari.Molstre@bo.kommune.no>
Sendt: tirsdag 16. oktober 2018 14.17

Til: 'hans.olav.bakas@bakas.no' <hans.olav.bakas@bakas.no>
Emne: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Vedlagt fylgjer dokument frå Bø kommune. Sjå vedlegg for innhaldet i utsendinga.
Eventuelle førespurnader kan rettast til postmottak@bo.kommune.no.

Venleg helsing
Bø kommune
35059000/ postmottak@bo.kommune.no

Fra: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Sendt: 2. desember 2018 16:31
Til: 'Mari Mølstre'
Emne: SV: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Hei,
Har du funnet ut av dette?
Mvh
Hans Olav Bakås

Fra: Mari Mølstre <Mari.Molstre@bo.kommune.no>
Sendt: onsdag 24. oktober 2018 14.52
Til: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Emne: SV: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Hei,

Foreløpig har eg ikkje finne eit dokument som viser denne fordelinga, men eg sjekkar litt vidare, og så høyrer du frå meg når eg veit sikkert.

Med helsing

Mari Mølstre
Konsulent - service og støtte

Bø kommune
Telefon: 35 05 90 06 / 91 80 05 94
E-post: mari.molstre@bo.kommune.no

Fra: Hans Olav Bakås [mailto:hans.olav.bakas@bakas.no]
Sendt: tirsdag 16. oktober 2018 15.04
Til: Mari Mølstre <Mari.Molstre@bo.kommune.no>
Emne: VS: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Hei,
Takk. Jeg prøver å se i årsoppgjøret etter fordeling mellom næring og selvkost, men finner ikke noe her?
Har dere andre dokumenter som viser fordelingen på næring og selvkost når årsregnskapet ble behandlet?
Mvh
Hans Olav Bakås

Fra: Mari Mølstre <Mari.Molstre@bo.kommune.no>
Sendt: tirsdag 16. oktober 2018 14.17
Til: 'hans.olav.bakas@bakas.no' <hans.olav.bakas@bakas.no>
Emne: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT

Vedlagt fylgjer dokument frå Bø kommune. Sjå vedlegg for innhaldet i utsendinga.
Eventuelle førespurnader kan rettast til postmottak@bo.kommune.no.

Venleg helsing
Bø kommune
35059000/ postmottak@bo.kommune.no

Fra: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Sendt: 19. februar 2019 20:01
Til: arnstorh@online.no; 'Ole Morten Aasgrav'; TFK-Telemark Kontrollutvalgsekratariat
Kopi: 'Glenn Thore Isaksen'; asbjorn@bohotell.no; peaein@online.no; 'Arnt Langkaas'; 'Borgar Torbjørn Kaasa'; siridyr@hotmail.com
Emne: VS: Sv[2]: Irmat
Vedlegg: Helge Aarnes brev 18. febr. 2019.docx; SV: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT; SV: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT; VS: 18/20626 Årsregnskap 2017 - IRMAT; Årsregnskap 2017 - IRMAT

Hei,
Deler denne med dere, dette er et brev som Ingebret Storkaas har sendt til Helge Aarnes.
Ingebret påpeker her ting som bør undersøkes, det er uheldig når det ikke er mulig å lese og forstå regnskapene fra kommunale selskaper.

I tillegg legger jeg ved 4 mailer ang spm om fordeling mellom næring og selvkost som er sendt til Bø kommunen for 4 mnd siden, hvor det ikke finnes dokumentasjon på beslutningsgrunnlaget for splitt i selvkost. Dette forsterker alvoret i det Storkaas tar opp i brevet, og er bekymringsfullt, vi er avhengig av at kommunen agerer som en ansvarlig eier og sørger for dokumentasjon når de godkjenner regnskaper som er sammenblanding av kommersiell drift og selvkost. Det er også beklagelig at de ikke svarer opp på berettige henvendelse som dette.

Oversikt over mailene som følger vedlagt.
02.12.2018 Etterlyser tilbakemelding… uten å få svar
24.10.2018 Venter på svar… kommunen svarer: «Foreløpig har eg ikkje finne eit dokument som viser denne fordelinga, men eg sjekkar litt vidare, og så høyrer du frå meg når eg veit sikkert.»
16.10.2018 Etterlyser dokumenter som viser fordelingen på næring og selvkost når årsregnskapet ble behandlet?
14.10.2018 Ber om å få komplett årsregnskap, med nota, samt med innstilling og vedtak som ble behandlet i GF før sommeren.

Mvh
Hans Olav Bakås

Fra: Ingebret Storkaas <istork@online.no>
Sendt: mandag 18. februar 2019 13.13
Til: Hans Olav Bakås <hans.olav.bakas@bakas.no>
Emne: Sv[2]: Irmat

Gvarv, den 18. febr. 2019.

Hei Helge

Jeg har studert regnskapene til IRMAT, og finner ikke noen god forklaring på hvordan de kan oppnå slike overskudd som de gjør.

Ifølge regnskapet hadde de i 2017 et overskudd før skatt på kr. 2.675.000. Ifølge opplysninger fra selskapet kommer ca. 70 % av omsetningen fra husholdningsavfall som da skal drives etter selvkostprinsippet. Den inntektsbringende delen av virksomheten utgjør derfor bare ca. 30%. Etter hva jeg kan forstå har de kun tre måter å skaffe seg overskudd på, nemlig på næringsavfall, drift av avfallsdepotet på Goasholtmyra, og utbytte fra Grønn Vekst Telemark AS. Det siste utgjorde i 2017 kr.375.000 (50% av kr. 750.000) Resten, kr. 2.300.000 må da nødvendigvis komme fra annen næringsvirksomhet. Hele den kommersielle delen av selskapet har en omsetning på ca. kr. 15.700.000. (ca. 30% av totalomsetningen på kr. 52.362.000) Dette gir en netto avkastning før skatt på ca. 15% av den kommersielle omsetningen.

En slik avkastning er det få næringsdrivende som oppnår, og jeg har derfor undersøkt hva som er en normal avkastning i avfallsbransjen. Det viser seg at et slikt resultat er hinsides det som er normalt i denne bransjen.

Det må derfor være naturlig å spørre hvordan det er mulig å oppnå slike resultater, og etter mitt skjønn finnes det bare tre muligheter:

1. At selskapets kostnader blir skjevfordelt mellom husholdningsavfall og næringsavfall, dvs. at det foregår kryssubsidiering.
2. At IRMAT oppnår helt andre priser enn konkurrentene på mottak av næringsavfall.
3. At drift av avfallsdepotet må være en glimrende butikk.

Den største aktøren på næringsavfall på Notodden er Notodden Renovasjon AS. De er sannsynligvis også den største kunden hos IRMAT. Dette selskapet har kontrakt med IRMAT på transport fra Goasholtmyra og til gjenvinningsmottak. Det bør derfor undersøkes om det foreligger koblinger her. Hvilken pris betaler de for å levere næringsavfallet til IRMAT, og hvilken pris har de for uttransporten fra Goasholtmyra? Er uttransporten konkurranseutsatt?

Jeg mener dette er relevante spørsmål som kontrollutvalget burde undersøke nærmere.

Ingebret

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/03309-1
Sakshandsamar Line Bosnes Hegna

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	26.02.2019

Årsmelding 2018 - Kontrollutvalet

Forslag frå sekretariatet:
Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018 slik den ligg føre.

Kontrollutvalets innstilling til kommunestyret:

«Kommunestyret tek Årsmelding 2018 for Bø kontrollutval til vitande, og meiner den gir ei tilfredsstillande oversikt over kontrollutvalets aktivitet i 2018.

Bakgrunn for saka:
Kontrollutvalet skal i samsvar med kommuneloven § 77, punkt 6, informere kommunestyret om sitt arbeid.

Saksopplysningar:
Årsmeldinga summerer opp utvalets viktigaste aktiviteter gjennom 2018, og gir eit bilde av utvalets formelle rolle, instruks og forholdet til revisjonen og sekretariatet. Kontrollutvalet gir kvart år uttale til kommunerekneskapet, adressert til kommunestyret. Etter forskrift for kontrollutval, skal kontrollutvalet rapportere om resultatet av gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskapskontroll. Føresegna må sjåast i samanheng med vedtekne planar og presenterast på denne måten for året 2018.

Vurdering frå sekretariatet:
Sekretariatet legg med dette fram forslag til årsmelding for 2018 for godkjenning i kontrollutvalet. Den vil deretter bli sendt over til kommunestyret til orientering.

Vedlegg:
Årsmelding 2018 – Bø kontrollutval

Bø kommune

Kontrollutvalet si årsmelding 2018

Temark
Agder og Telemark
Kontrollutvalgssekretariat IKS

1. INNLEDNING

Kontrollutvalet gir med dette ei samla årsmelding for aktiviteten i 2018. Årsmeldinga skal gi eit bilete av utvalet si formelle rolle, instruks, forhold til revisjonen og sekretariatet og dei viktigaste saker som er handsama i år. Kontrollutvalet gir kvart år uttale til kommunerekneskapen, adressert til kommunestyret. Etter forskrift for kontrollutval, skal kontrollutvalet årleg rapportere om resultatet av gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskapskontrollar. Bestemminga må sjåast i samanheng med vedtekne planar og vert presentert på denne måten for året 2018.

2. SAMMENSETTING AV KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er valt av kommunestyret og skal i kommunestyret sin stad føre det løypande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Alle kommunar og fylkeskommunar er pliktige til å velje eit kontrollutval. Kommunestyret kan foreta nyval av kontrollutvalets medlemmer i valperioden, men da må heile utvalet veljast på nytt. Reglar for val av medlemmer til kontrollutvalet er fastsette i eiga forskrift. Det er strenge avgrensingar i kven som er valbare til utvalet.

Medlemmer og varamedlemmer (2018):

Medlemmer	Vara medlemmer
Arne Storhaug (AP), leiar Ole Morten Aasgrav (FRP), nestleiar Ingebjørg Egenæs (FRP), medlem	Felles varaliste for AP og FRP: 1. vara Heidi Rønneid (AP) 2. vara Arild Gjelhus (FRP)
Augon Eika (V), medlem Gunn Annie Hellestad (SP), medlem	Felles varaliste for V og SP: 1. vara Anne Carine Nilsen (H) 2. vara Audun Østtveit (KRF)

Kommunelova krev at minst eitt av medlemmene skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer. Departementet har tolka det slik at det gjeld ved konstituering. Augon Eika (V) er medlem av kommunestyret.

3. RAMMER FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID

Etter Kommunelova § 77 er kommunestyret pålagt å opprette eit eige kontrollutval som skal stå for løypande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og dei folkevalde organa som kommunestyret har oppretta. Tilsynet og kontrollen skjer i kommunestyret sin stad. Kommunelova § 77 slår fast:

> *«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens rekneskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det*

blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. "

Kontrollutvalet sine oppgåver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på deira vegner. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølgje kommunelova sørge for mange oppgåver som vi vil komme nærmare inn på seinare.

4. OPPLÆRING OG KURS

Det vert stadig stilt større krav og forventningar til kontrollutvalet sin kompetanse, både frå det politiske miljø og kommunen sine innbyggarar. Endra regelverk gjer det nødvendig å legge til rette for opplæring og kursverksemd for alle medlemmer av kontrollutvalet. Kunnskap om kontrollutvalet si rolle, oppgåver og lovverk er nødvendig for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift. Slik opplæring og kursverksemd kan skje lokalt (haust og vår konferanse i regi av Temark) eller gjennom sentrale tilbod. Kontrollutvalet vert blant anna årleg invitert til landskonferansen for kontrollutval i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) og fagkonferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Dette er ei viktig samling for å tilføre kontrollutvalet ny kunnskap, og det er ein arena der kontrollutvalsmedlemmer frå heile landet kan møtast og drøfte saker og arbeidsmetodar.

I 2018 deltok medlemmer frå kontrollutvalet på NKRF sin kontrollutvalskonferanse og på Temark sin haust- og vårkonferanse.

5. SEKRETARIAT

Kommunen er medeigar i Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat IKS (Temark). Temark har sekretariatsoppdraget for 31 kommunar og 3 fylkeskommunar i Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark. Temark er med det et av landets største kontrollutvalssekretariat. Sekretariatet har åtte tilsette og sekretærar for kontrollutvalet i 2018 var Alexander Etsy Jensen og Ingebjørg Liland.

Sekretariatet skriv saksframstillingar, bistår kontrollutvalet i praktisk tilrettelegging og oppfølging av møte og med oppfølging av vedtak. I det løypande arbeidet er sekretariatet bindeleddet mellom utval og revisjonsselskap, og utfører oppgåver på vegne kontrollutvalet.

6. REVISJON

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester med Telemark kommunerevisjon IKS. Revisjonen leverer revisjonstenester til 21 kommunar. Selskapet bistår kommunen med rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er daglig leder Kjell Peter Ekman og oppdragsrevisor er Birgitte Lindner Bøen. Forvaltningsrevisjon vert utført av ei eiga avdeling, der leiar er oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kirsti Torbjørnson.

7. ØKONOMI

For å utøve sin funksjon på ein god måte har kontrollutvalet lagt vekt på å be kommunestyret om økonomiske rammer som mogleggjer den aktiviteten som det vert lagt opp til i møte- og arbeidsplanen. Kontrollutvalet er i tråd med kommunelova pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsverksemda i kommunen.

Rekneskapstala for den samla kontroll- og tilsyns verksemda i kommunen går fram av kommunen sin samla årsrekneskap. Under følger budsjett- og rekneskapstallane for 2018.

Beskriving	**Budsjett 2018**	**Rekneskap 2018**
Godtgjering	27 000	11 295
Kurs, reiser og møte for medlemmene	50 000	34 224
Bevertning	5 000	4 115
Abonnement		2 125
Kjøp frå IKS		
a. Revisjon (ut frå avtale, Koml. § 77, nr. 3)	766 000	765 889
b. Sekretariat (ut frå Koml. § 77, nr. 10)	146 000	144 791
c. Selskapskontroll (ut frå Koml. § 77, nr. 5)	40 000	22 585
Totalutgifter	**1 034 000**	**985 024**

8. KONTROLLUTVALETS ARBEID – MØTE OG SAKER

Kontrollutvalet har i 2018 gjennomført seks møte og handsama 32 saker.

I likskap med andre folkevalde organ er som hovudregel møta opne.

Sakskart, saksdokument og protokollar vert løypande lagt ut på kommunen og sekretariatet sine heimesider (www.temark.no).

Kontrollutvalet ønsker å være synleg og ha god kontakt med leiinga i kommunen. Rådmannen eller representantar for rådmannen har deltatt på fleire av utvalet sine møte, noko kontrollutvalet oppfattar som ein styrke i sitt arbeid.

Ein stor del av kontrollutvalet si saksbehandling omfattar forhold utvalet er pålagt å arbeide med, gjennom krav i kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval. Kva for fokus utvalet vel i dei ulike arbeidsoppgåvene er det i stor grad opp til utvalet å definere sjølv. Kontrollutvalet kan etter oppmoding frå kommunestyret, etter innspel frå innbyggarar eller på eige initiativ ta opp forhold ved kommunen si verksemd, som kan knytast til utvalet sitt tilsynsarbeid. Kontrollutvalet er også opptatt av korleis kommunen følger opp rapportar frå andre tilsyn.

Saker til handsaming i kvart møte:

- Godkjenning av innkalling og protokoll frå sist møte
- Orientering frå revisjonen i møte
- Referatsaker
- Eventuelt i møte

Andre sakar til handsaming:

- Endra framdriftsplan for forvaltningsrevisjon i IRMAT AS - Grunnlag for sjølvkost
- Årsmelding 2017 frå kontrollutvalet i Bø kommune
- Vurdering av revisor sitt sjølvstende – Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor
- Forvaltningsrevisjonsrapport del 1 – Midt-Telemark barnevernssamarbeid
- Årsrapport og årsrekneskap 2017 frå skatteoppkrevjaren i Bø
- Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Bø kommune - Uttale frå kontrollutvalet
- Forvaltningsrevisjonsrapport del 2 – Mist-Telemark barnevernssamarbeid
- Revisors eigenvurdering av uavhengighet
- Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon
- Forum for kontroll og tilsyn - medlemskap
- Orientering om samanslåingsprosessen mellom Bø kommune og Sauherad kommune
- Forvaltningsrevisjonsrapport - Eigarskap, styring og formål – IRMAT AS - Bø kommune
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport del 1 – Midt-Telemark barnevernssamarbeid
- Budsjett for kontroll og tilsyn 2019
- Orientering om kommunens økonomiske situasjon - 2. tertial
- Orientering om rådmann sitt budsjettforslag for 2019
- Bestilling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon av Informasjonssikkerhet
- Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet for 2019

9. REKNESKAPSREVISJON

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av kommunen sin eigenkontroll. Revisor skal gi tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gir om økonomien sin. Dette er ei viktig oppgåve. Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekke og førebygge feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å bidra til å førebygge og avdekke feil og underslag.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein tryggjande måte. Utvalet er derfor avhengig av at revisor gir tilstrekkeleg rapportering om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av kvar deira oppgåver er, er ein viktig føresetnad for å vere trygg på at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Kontrollutvalet registrerer at revisors arbeid med å utføre rekneskapsrevisjon dei siste åra er blitt meir omfattande, spesielt knytt til dei mange attestasjonsoppgåvene som vert utført på vegne av staten og andre offentlege organ. I tillegg til å gje skildringar og uttaler mottar kontrollutvalet jamleg i møte informasjon om utført rekneskapsrevisjon. Kontrollutvalet har ved fleire høve gitt utrykk for at det vert gjort mykje godt arbeid innanfor området rekneskapsrevisjon og at dei er nøgde med måten revisjonen løyser oppdraget på.

10. FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen blir driven på ein måte som tar vare på innbyggarane sine behov og rettar best mogeleg. Forvaltningsrevisjon er ei av de pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen følgjer regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Kontrollutvalet har vore delaktig i val av tema og utforming av problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret. Kontrollutvalet er delegert mynde til å bestemme korleis avsette ressursar til forvaltningsrevisjon skal nyttast, og revisjonen har gjennomført forvaltningsrevisjonen i tråd med faglege krav i løpet av valperioden.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet mogelegheita til å gå i djupna i ulike saksforhold, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil derfor kunne ha høg nytteverdi, både i utvalet si kontrollverksemd, og i kommunen sin internkontroll og forbetringsarbeid.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, men kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Kontrollutvalet handsama i møte 06.04.16 overordna analyse/plan for forvaltningsrevisjon for Bø kommune for perioden 2016-2019 utarbeidd av Telemark kommunerevisjon IKS. Planen er godkjent av kommunestyret i møte 28.04.16 sak 039/16.

Kontrollutvalet har i 2018 handsama to forvaltningsrevisjonsrapportar og følgd opp ein rapport.

Midt-Telemark barnevern del 1 – Økonomistyring og saksbehandling

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 26.02.18, sak 1/18. Rapporten tok for seg følgande problemstillingar:

Ressursar og økonomi

- Korleis er ressurssituasjonen i barnevernstenesten?
- Har barnevernstenesten god økonomistyring?

Sakshandsaming og tiltak

- I kva grad sikrar barnevernstenesten at sakshandsaminga er i samsvar med gjeldande regelverk?
- I kva grad følgjer barnevernet opp barn med tiltak?

Rapporten konkluderte med følgande til tilrådingar:

Sauherad, Bø og Nome bør i fellesskap avtale rutinar som sikrar at Midt-Telemark barneverntenesteste

- har realistiske budsjett,
- rapporterer på budsjett og økonomi slik kommunelova krev, og
- har hensiktsmessige fordelingsnyklar.

Sauherad, Bø og Nome bør kvar for seg

- sikre at kommunens budsjett for administrasjon av barnevernstenesten og for barnevernstiltak er realistiske.

Sauherad som vertskommune bør

- sikre at barnevernstenestens budsjettforslag er realistiske og at rekneskap blir riktig ført, fordelt og rapportert,
- sikre at barnevernstenestens rapportering til samarbeidskommunane om utgifter til barnevernstiltak er korrekt,
- etablere internkontroll som sikrar at kommunen utfører oppgåvene i samsvar med barnevernslova, og
- etablere ytterlegare tiltak for å sikre at barnevernstenesten utfører sine arbeidsoppgåver i samsvar med barnevernslova.

Kommunestyret handsama rapporten i møte 07.05.2018, sak 40/18.

Kontrollutvalet har i 2018 hatt fyrste oppfølging av rapporten. Rapporten følgjast vidare opp i 2019.

Midt-Telemark barnevern del 2 – Forebyggende arbeid for barn og unge

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 11.06.18, sak 13/18. Rapporten tok føre seg følgande problemstillingar:

- I kva grad arbeider kommunane systematisk med førebyggande innsats retta mot barn og unge?
- I kva grad har kommunane tiltak som sikrar at mistankar om omsorgssvikt blir meldt til barnevernstenesten?

Rapporten konkluderte med følgjande til tilrådingar at kommunen bør:

- utarbeide planar for arbeidet med barn og unge som beskrive ansvar, organisering, leiing og samarbeid mellom ulike etatar
- styrke tverrfagleg samarbeid om førebygging slik at barnefamiliar får koordinerte tenester

- sørge for at tilsette har god forståing av dei mogelegheiter og avgrensingar som ligg i bestemmingane om teieplikt
- sørge for at alle tilsette som jobbar i tenester med barn, har kunnskap om meldeplikta
- vurdere å informere lag og organisasjonar om kva dei gjer dersom dei er uroa for et barn.

Kommunestyret handsama rapporten i møte 05.11.2018, sak 88/18.

11. SELSKAPSKONTROLL

Selskapskontroll er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa vert underlagt demokratisk styring og kontroll.

Plan for selskapskontroll for inneverande valperiode blei lagt fram for kontrollutvalet i møte 06.04.16 sak 11/16. Planen blei godkjent av kommunestyret i møte den 28.04.16 – sak 040/16. Kontrollutvalet har fullmakt til å prioritere kva selskap som skal kontrollerast.

Kontrollutvalet har i 2018 handsama ein selskapskontroll med forvaltningsrevisjon.

Eigarskap, styring og formål – IRMAT AS

Kontrollutvalet handsama rapporten den 26.09.18 sak 20/18. Rapporten handla om følgande problemstilling:

- I kva grad utøver kommunane eigarskapet i selskapet i samsvar med relevante tilrådingar og kommunestyra sine vedtak?
- Driv selskapet i samsvar med vedtektsfesta formål og eventuell avtale mellom selskapet og kommunane?
- Har selskapet nødvendige tillatelser for å drive verksemda?
- Gjelder offentlegheitslova for IRMAT?
- Har IRMAT følgt opp tilrådingane som blei vedteke etter selskapskontrollen i 2009?
    - om selskapet har avklart spørsmål om selskapets skatteplikt
    - om selskapet har utarbeida retningslinjer som sikrar at selskapets anskaffingar skjer i henhold til gjeldande regelverk
- I kva grad har IRMAT arbeida i samsvar med gjeldande regler og føringar frå eigar/kommunane ved etableringa av gjenvinningsstasjonen på Brenna?
- Har planprosessen vedr. etablering av gjenvinningsstasjon på Brenna vore i tråd med reglene i plan og bygningslova?
- I kva grad overheld IRMAT gjeldande krav og retningslinjer for berekning av og dokumentasjon av selvkost?

Rapporten konkluderte med følgande til tilrådingar:
Kommunestyret tek rapporten til orientering, og ber Bø kommune sørge for:

- å vurdere organiseringa i selskap som opererer med konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd for å minske risiko for kryssubsidiering og rolleblanding.
- klare fullmakter for den som skal møte i generalforsamlinga, eventuelt ta slike fullmakter inn i delegasjonsreglementet.
- ei klarere regulering av forholdet mellom kommunen som bestiller og selskapet som utfører

Kommunestyret ber selskapet sørge for:

- at krava til utvida eigenregi er oppfylt, f.eks. ved å skilje nærings-verksemda og tenesteytinga til kommunen i sjølvstendige juridiske einingar, slik at den eininga som

leverer tenester til kommunen kan oppfylle aktivitetskriteriet i anskaffelsesforskriften, alternativt å justere selskapets formål og å redusere næringsaktiviteten i selskapet, slik at denne aktiviteten utgjør mindre enn 20 % av selskapets totale omsetting.
- at offentlegheitslova sitt krav til postjournal blir følgt.
- å utarbeide innkjøpsreglement som er tilpassa verksemda sin størrelse og kompleksitet.
- å sørge for at selskapet har tiltak som kan sikre gode forretningsmessige betingelser i samsvar med selskapets formål.
- å sikre at handteringa av fond er i samsvar med retningslinjene (H-3/14).
- å dokumentere kostnader for levering av sjølvkosttenesten for kvar kommune, og fastsette avgiftene med bakgrunn i den enkelte kommunes sjølvkost.

Kommunestyret handsama rapporten i møtet 15.10.18, sak 73/18. Følgende vedtak ble fattet:

Kommunestyret tar rapporten til orientering, og ber Bø kommune sørge for:
- å vurdere organiseringa i selskap som opererer med konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd for å minske risiko for kryssubsidiering og rolleblanding
- ein klarere regulering av forholdet mellom kommunen som bestiller og selskapet som utfører
- at det blir stilt tilstrekkelig ressursar til disposisjon for å gjere nødvendige juridiske vurderingar av forholdet rundt bodrunden i forkant av tomtekjøpet. På side 43 i rapporten blir det bekrefta at det på den dagen bodrunden gjekk føre «var slik kontakt mellom styreleder, nestleder, daglig leder og Pettersen som var budgiver» rundt spørsmålet om kor høgt kjøpar kunne gå i sitt bod i forhold til årleg leige.

Kommunestyret ber selskapet sørge for:
- at krava til utvida eigenregi er oppfylt, f.eks. ved å skilje nærings-verksemda og tenesteytinga til kommunen i sjølvstendige juridiske einingar, slik at den eininga som leverer tenester til kommunen kan oppfylle aktivitetskriteriet i anskaffelsesforskriften, alternativt å justere selskapets formål og å redusere næringsaktiviteten i selskapet, slik at denne aktiviteten utgjør mindre enn 20 % av selskapets totale omsetting.
- at offentlegheitslova sitt krav til postjournal blir følgt.
- å utarbeide innkjøpsreglement som er tilpassa verksemda sin størrelse og kompleksitet.
- å sørge for at selskapet har tiltak som kan sikre gode forretningsmessige betingelser i samsvar med selskapets formål.
- å sikre at handteringa av fond er i samsvar med retningslinjene (H-3/14).
- at dei brukar spisskompetanse i gjennomgang av sjølvkost, med mål om å kome fram til den mest rettferdige løysinga for abonnementane

Det bør gjennomførast ein ny selskapskontroll av IRMAT AS i slutten av neste valperiode for å sjå til at anbefalingane i denne rapporten er følgt opp.

11. KONKLUSJON OG AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 vert med dette lagt fram for kommunestyret til orientering. Ved å sjå årsplan og årsmelding for 2018 i samanheng, kan kommunestyret sjå om dei vedtekne oppgåvene og målsettingane for kontrollutvalet er eller blir følgde opp.

Bø, 23. januar 2019

Arne Storhaug
Leiar

Ingebjørg Liland
Utvalssekretær

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/03537-2
Sakshandsamar Line Bosnes Hegna

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	26.02.2019

Forvaltningsrevisors erklæring om sjølvstende

Forslag frå sekretariatet:
Saka vert teken til orientering.

Saksopplysningar:
Etter forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg gje ei skriftleg eigenvurdering av si sjølvstende til kontrollutvalet. Eigenvurderinga vert lagt frem for utvalet til orientering.

Vedlagt følgjer ei slik eigenvurdering fra oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kirsti Torbjørnson, datert 09.01.2019.

For regnskapsrevisor vil ei liknende sjølvstendeerklæring bli lagt fram som normalt til høsten.

Vurdering fra sekretariatet:
Sekretariatet har ingen merknader til eigenvurderinga.

Vedlegg:
Brev frå forvaltningsrevisor 09.01.19.

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Foretaksregisteret:
985 867 402

Kontrollutvalget i Bø kommune
v/Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 4
3833 Bø i Telemark

Vår ref.: 19/41/tork
Deres ref.:
Arkivkode: 721018

Vurdering av om oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon er uavhengig

Kommunelova § 79 og revisjonsforskrifta stiller krav til at revisor skal ha god vandel, vere uavhengig og objektiv.

Etter revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet om si uavhengige og objektive stilling. Kirsti Torbjørnson er oppdragsansvarlig revisor for forvaltningsrevisjonsprosjekt som Telemark kommunerevisjon gjennomfører i Bø kommune. Eigenvurderinga av om ho er uavhengig og objektiv ligg ved dette brevet.

Vandelsattest er dokumentert ved tilsetjing i Telemark kommunerevisjon IKS.

Skien, 09.01.2019
Telemark kommunerevisjon IKS

Mette Nilsen

Mette Nilsen
sekretær

Vedlegg: *Skriftleg eigenvurdering av uavhengighet og objektivitet*

Vedlegg: Skriftleg eigenvurdering av at oppdragsansvarleg er uavhengig og objektiv for forvaltningsrevisjonsprosjekt i Bø kommune

Pkt 1: Tilsetjingstilhøve	*Underteikna er ikkje tilsett hos andre arbeidsgjevarar enn Telemark kommunerevisjon IKS.*
Pkt 2: Medlem i styrande organ	*Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i verksemd som Bø kommune deltek i.*
Pkt 3: Å delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	*Underteikna deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.*
Pkt 4: Nærståande	*Underteikna har ikkje nærståande som er knytt til Bø kommune slik at dette har verknad for sjølvstende og objektivitet.*
Pkt 5: Rådgjeving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	*Underteikna har ikkje utført rådgjeving eller andre tenester for Bø kommune som kjem i konflikt med denne føresegna.*
Pkt 6: Tenester under leiing- og kontrolloppgåvene til kommunen	*Underteikna har ikkje gjeve tenester til Bø kommune som høyrer inn under leiing- og kontrolloppgåvene til kommunen.*
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	*Underteikna er ikkje fullmektig for Bø kommune.*
Pkt 8: Andre særeigne forhold	*Underteikna kjenner ikkje til andre særeigne høve som er eigna til å svekke tilliten til at revisor er sjølvstendig og objektiv.*

Skien, 09.01.2019
Telemark kommunerevisjon IKS

Kirsti Torbjørnson
oppdragsansvarleg for forvaltningsrevisjon

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/03310-1
Sakshandsamar Line Bosnes Hegna

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	26.02.2019

Orientering frå revisor

Forslag frå sekretariatet:
Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Saksopplysningar:
Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen. For å halde seg orientert om det pågåande revisjonsarbeidet i kommunen, orienterer revisor kontrollutvalet gjennom året.

Oppdragsrevisor Birgitte Lindner Bøen orienterer utvalet om revisjonsarbeidet i Bø kommune.

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/03540-1
Sakshandsamar Line Bosnes Hegna

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	26.02.2019

Referatsaker 26.02

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teken til orientering.

Saksopplysninger:

1. Referatsaker
- Temarks vårkonferanse 26.4 i Arendal

2. Neste møte Onsdag 10. april 2019
- Regnskap for 2018 for Bø kommune
- Melding om andre reviderte regnskap (skatteoppkreveren)
- Oppfølging av Forvaltningsrevisjonsrapport del 1 – Midt-Telemark barnevernstjeneste
- Referatsaker/Eventuelt

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 19/03541-1
Sakshandsamar Line Bosnes Hegna

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	26.02.2019

Eventuelt 26.02